



MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
NO 5906 FREKHAUG

## Vedtak om samtykke og gebyr Behandling av søknad om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9

### Gnr 30 Bnr 2 - Meland - Håtuftvegen - Frekhaug - Meland kommune - etablering av vannbehandlingsanlegg

Vi viser til:

- Søknaden av 21.06.2019 om samtykke etter arbeidsmiljølova § 18-9 frå Norconsult AS, 5012 Bergen.
- Brev av 11.07.2019, med foreløpig svar
- Brev av 14.08.2019, om manglande opplysningar – varsel om avslag på søknad
- Tilbakemelding av 02.09.2019, med ytterlegare opplysningar

Søknaden gjelder etablering av vannbehandlingsanlegg.

Saman med søknaden har vi mottatt kopi av søknad til kommunen m. vedlegg, teikning av plan, snitt og fasadar, sjekkliste for helse, miljø og sikkerheit, skriv med opplysningar om tiltaket og vurdering av arbeidsmiljøfaktorar og dokumentasjon på medverknad frå tilsette.

### Arbeidstilsynets vurdering

Tiltaket gjeld nytt vannbehandlingsanlegg, og inneheld personaldel med kontorarbeidsplassar og personalrom og ein prosessdel. I søknaden er det opplyst at det ikkje skal vere faste arbeidsplassar i bygget, men to til tre personar i ca. tre timar, to til tre gangar pr. veke.

I vedlagt vurdering av arbeidsmiljøfaktorar, går det fram at ein har vurdert ulykkesrisiko og har, mellom anna, tatt omsyn til sikring av luker, sikra trapper og gangbaner med rekkverk, lagt til rette med naudduj og har tatt omsyn til vernefunksjonar og sikring av maskiner.

Ifølgje arbeidsmiljølova § 4-1(5) og forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler (arbeidsplassforskriften) § 2-4, skal det vere tilrettelagt slik at det er tatt omsyn til at arbeidstakarar med nedsett funksjonsevne skal kunne arbeide i verksemda.



Om tilrettelegging for tilsette med nedsett funksjonsevne er det opplyst at yrke som driftsopretør inneber vedlikeholdsarbeid med løft, reparasjonar og utskifting av ulike typar utstyr, bevege seg opp/ned i leider og trapper i tilknytning til prosessutstyr, reingjering av basseng, pumpesynker, o.l., samt prøvetaking og kalibrering av instrumentering, analysearbeid etc. Ein meiner derfor at arbeidsplassane ikkje eignar seg for yrkeshemma. Det er ikkje lagt spesielt til rette for yrkeshemma, men ein har lagt til rette for besøk av personar med nedsett funksjonsevne mht. til døråpningar, handikaptalett, og heis mellom 1. og 2. etasje i personaldelen.

Vi legg til grunn at det vil vere mogleg for tilsette med nedsett funksjonsevne å nytte personalrom og handikaptalett i personaldel, og at det vil vere mogleg å utføre arbeid i tilknytning til kontrollrom. Med vekt på at det berre skal vere nokre timar arbeid i veka, og sidan arbeidsoppgåver i prosessdel vil vere vanskelege å utføre med nedsett funksjonsevne, har vi kome til at gir samtykke til løysing utan tilrettelegging i prosessdel.

I brev av 14.08.2019, om manglande opplysningar – varsel om avslag på søknad, vart det etterspurt dokumentasjon på handsaming av tiltaket i arbeidsmiljøutvalet, jf. krav i arbeidsmiljølova § 7-2(2) bokstav c).

Over telefon den 27.08.2019, med Jan-Inge Nilssen ved Norconsult AS, vart det vist til at verneombod og bedriftshelsetenesta har vært involvert i utarbeiding av planane. Vidare vart det opplyst at ein ikkje skal ha møte i arbeidsmiljøutvalet før ca. slutten av september. Med vekt på at det har vert lang sakshandsamingstid og sidan ein har vist til medverknad frå verneombod og bedriftshelseteneste, har vi kome til at vi likevel handsamar søknaden og gjer vedtak om samtykke.

Ifølgje arbeidsmiljølova § 4-4(1) skal fysiske arbeidsmiljøfaktorar som inneklima vere fullt forsvarleg. I forskrift om utforming og innretning av arbeidsplasser og arbeidslokaler § 2-14 er det også sett krav om tilfredsstillande klima, mellom anna med omsyn til luftkvalitet og temperatur.

I vedlagt vurdering av arbeidsmiljøfaktorar er det opplyst at det bygget vert utstyrt med to separate komplette luftbehandlingssystem, eit for mannskapsdelen og eit for prosessanleggsdelen.

I tilbakemelding av 02.09.2019, har vi mottatt sjekklister med dokumentasjon av inneklima, saman med luftmengdetabell og planteikningar av luftbehandlingsanlegg.

I sjekklister med dokumentasjon av inneklima går det fram at det er eigne konstantavtrekk i rom med lagring av kjemikalier. I laboratorium og kjøkken er det manuelt styrte avtrekkshetter, og i verkstad er det manuelt styrt fleksible avtrekksarm med avkast over tak. Ut frå vedlagt luftmengdetabell går det fram at ein har berekna med 7 l/s pr. person og 2 l/s pr. m<sup>2</sup>. Luftmengdene er dermed i tråd med norm i Arbeidstilsynet sin rettleiing om klima og luftkvalitet på arbeidsplassen, for personbelastning og tillegg i luftmengde for normale udokumenterte byggemateriale utan sterk lukt.

## Arbeidstilsynets vedtak

Arbeidstilsynet gir med heimel i arbeidsmiljølova § 18-9 samtykke til planane.



Samtykket blir gitt på bakgrunn av dei opplysningane og planane som låg føre på tidspunktet for vedtaket. Samtykket er ikkje ei godkjenning av lokala eller arbeidsplassen. At Arbeidstilsynet gir samtykke til planane, betyr ikkje at tilsynet går god for at alle krav til det fysiske arbeidsmiljøet er tatt vare på. Det er tiltakshavaren/arbeidsgivaren som har ansvaret for at lover/forskriftskrav blir følgde, og at arbeidsmiljøet er tilfredsstillande under bruk.

## Innbetaling av gebyr

Ifølge forskrift om utforming og innretning av arbeidsplassar og arbeidslokale § 9-1 og forskrift om administrative ordningar på Arbeidstilsynets område § 14-1 skal det betalast gebyr til Arbeidstilsynet ved behandling av søknader etter arbeidsmiljølova § 18-9 første ledd. Gebyrsatsen er avhengig av kva type tiltak det er snakk om, og størrelsen på bygget. For nærmare informasjon om gebyrordninga, sjå [www.arbeidstilsynet.no/gebyr](http://www.arbeidstilsynet.no/gebyr).

Ut frå opplysningane i søknaden har vi plassert tiltaket i kategori 3d og fastsatt gebyret til kr 16883,-.

Faktura blir send i eiga sending til deg som tiltakshavar til denne adressa: Meland kommune, Pb. 29, 5906 Frekhaug. Dersom gebyret ikkje er betalt innan fristen, vil kravet bli drive inn med tvang og med tillegg av kostnadsgebyr.

## De kan klage

De kan klage på dette vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker frå de får dette brevet. De kan ikkje reise søksmål før klageåtgangen er prøvd jf. forvaltningslova § 27b. For nærmare informasjon om klageinstans, framgangsmåte ved klage, rett til å sjå saksdokumenta og søksmål, sjå [www.arbeidstilsynet.no/klage](http://www.arbeidstilsynet.no/klage).

## Gi informasjonen vidare til verneombodet

Verneombodet skal gjerast kjent med vedtak frå Arbeidstilsynet. Vi ber derfor om at de som arbeidsgivar gir ein kopi av dette brevet til verneombodet. Dersom verksemda ikkje har verneombod, gir de kopien til representanten for dei tilsette.

Sjå [arbeidsmiljølova](#) §§ 6-2 sjetle ledd og 18-6 åttande ledd.

## Behov for meir informasjon?

De finn meir informasjon om Arbeidstilsynet og krav til arbeidsmiljøet på [www.arbeidstilsynet.no](http://www.arbeidstilsynet.no), eller de kan kontakte oss på telefon 73 19 97 00.

De kan svare på dette brevet og/eller sende inn dokumentasjon til oss digitalt via [eDialog](#). Les mer [www.arbeidstilsynet.no/post](http://www.arbeidstilsynet.no/post).

Vi ber om at de viser til vår referanse 2019/29265 ved seinare kontakt/korrespondanse i denne saka.



**Arbeidstilsynet**

VÅR REFERANSE  
920429/2019

4

Med helsing  
Arbeidstilsynet Vestlandet

Johs B. Lægland  
tilsynsleder  
(sign.)

Per Kristian Fonn  
Senioringeniør  
(sign.)

*Dette brevet er godkjent elektronisk i Arbeidstilsynet og har derfor ingen signatur.*

Kopi til:  
NORCONSULT AS  
MELAND KOMMUNE v/avd. for byggesak

Postboks 626 1303 SANDVIKA  
Postboks 79 5906 FREKHAUG